

og Fiskarlagets Servicekontor AS, avd. Vest

Bergen, 20.01.15

Vår ref. 47/15/BSI/5.7.1.3

Dykkar ref. 14/933 – 14/19072

Meland kommune  
Postboks 79  
5906 Frekhaug

E-mail

## **REGULERINGSPLAN HJERTÅS INDUSTRIOMRÅDE, MELAND.**

Viser til Dykkar brev av 04.12.15, med vedlegg, vedkomande ovannemnde sak.

Fiskarlaget Vest viser til vedlagde kart frå Fiskeridirektoratet si nettside som viser at det er registrert låssettingsplass like ved reguleringsområdet.

Norske fiskeri er avhengig av reine fjordar, intakte fiskeområde og produktive økosystem. Dette er òg avgjerande for kvalitet, omdøme og marknadsvardi for norsk sjømat. Utslepp må dermed forvaltast på ein måte som tar nødvendige omsyn til desse verdiane.

Landsmøtet i Norges Fiskarlag gjorde følgjande vedtak hausten 2011:

«Landsmøtet viser til at et rent havmiljø er selve grunnlaget for sjømatnæringa, og understreker at havet ikkje skal brukes som avfallsplass. Landsmøtet stiller spørsmål ved om dagens utslippsforvaltning fungerer godt nok med hensyn til å ivareta marint miljø, gyte- og oppveksområder og mattrygghet.»

Fiskarlaget Vest meiner at det må vere null miljøskadelege utslepp til fjordane, og det må førebyggjast slik at ein ikkje får kosthaldsråd i området.

Det må òg på ein tillitsvekkjande måte dokumenterast at miljøskadeleg forureining ikkje skjer. Her må verksemd med kompetanse i høve mattryggleik koplast inn i arbeidet t.d. NIFES eller Mattilsynet.

Det er òg viktig at ein veit dagens status av resipienten/fjorden, før eventuell utbygging.

Ein vil òg minne om at Fiskarlaget Vest ser lys som forureiningskjelde, spesielt ved fiske med lys. Lys på kaiar må plasserast slik at det ikkje lys utover sjøen.

Ein går ikkje imot søknaden om ovannemnde blir tatt omsyn til og ein fortsatt kan nytte kaste- og låssettingsplassen ved Hjertås om kaien blir utvida.

Når det gjeld ferdsel i området når det står lås/steng viser ein til Havressurslova § 27.

Arbeid i sjø må ikkje førekome om det står steng i området.

Med helsing  
Fiskarlaget Vest



Britt Sæle Instebo

Kopi; Nordhordland Fiskarlag  
Fiskeridirektoratet region Vest

# Meland, Hjartås



**Målestokk: 1:13 347**